



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 01.10. 2015
Vår ref.: 2015/11148
Arkivnr.: 321

Til alle kommunane ved ordførar og rådmann

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Gode ordførar og rådmann!

Kommunebesøk etter valet hausten 2015

Fylkesmannen ønskjer å besøke kommunane no etter valet. Vi vil gjerne møte både ordførar, formannskapsmedlemmer, rådmann og kommunale leiarar. Vi reknar at vi brukar om lag to timar i kvar kommune.

Vi vil ha med oss representantar frå alle avdelingane. Aktuelle tema kan vere informasjon om det samfunnsoppdraget vi har frå regjering og storting og forventningar til kommunane i samband med det. I arbeidet med kommunereforma er det særlege forventningar som må omtalast. Vi ser gjerne at de også melder inn tema som de gjerne vil omtale.

For å leggje ein plan for desse besøka, ber vi om å få sendt over kommunen sin møteplan for formannskapsmøte, samt eventuelle andre tidspunkt det kan vere høveleg at Fylkesmannen vitjar kommunen. Vi ser gjerne at vi kan få tilsendt aktuelle tidspunkt seinast innan 1. november.

Vi er kjende med at KS også etter dette valet tilbyr opplæring til folkevalde i kommunestyra. Vi har avklart med KS regionalt at vi ikkje ønskjer å erstatta eit slikt opplegg, men at vi gjerne deltek som eit supplement, difor følgjande tilbod:

Fylkesmannen har følgjande fagavdelingar: Landbruks-, Miljøvern-, Utdannings-, Helse-, sosial- og barnevern-, Samfunns-, beredskaps- og kommunalavdelinga, samt Administrasjonsavdelinga. Alle desse vil gjerne imøtekomme særlege ønskje frå kommunane om faglege møte mellom fagavdelingane våre og ulike kommunale råd og utval innanfor fagtema den enkelte kommune vil drøfte nærare. Vi oppmodar til kontakt direkte med fagavdelingane for å avklare slike møte/kurs.

Vidare vil vi nytte høve til å informere om at det er planlagt fleire treffpunkt og samlingar for ordførarar og rådmenn i tida fram mot årsskiftet:

- 12. oktober:** Kommunereform på Statens hus– infomøte med ordførarar – etter ressursgruppemøte 30. september
- 28. oktober:** Kommunereform, Clarion Hotel Energy (på Tjensvoll) i Stavanger, prosess-samling for kommunane med fokus på demokratiet i reforma

11. og 12. november: KS sin Haustkonferanse i Haugesund for ordførarar og rådmenn

10. desember: Viktoriamøtet på Hotell Viktoria i Stavanger for ordførarar og rådmenn

Meir informasjon om desse møtepunkta sjå under [Fylkesmannen i Rogaland](#) Kurs og konferansar. Haustkonferansen til KS sjå [Rogaland: Høstkonferansen 2015 med konstituerende fylkesmøte](#).

Vi ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid i tida som ligg føre!

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Lone Merethe Solheim
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 68
E-post: fmrolms@fylkesmannen.no